Vurderinga er gjort opp mot krava som var gjeldande på oppføringstidspunktet, jf. TEK 17:

I dusjsone krev TEK17 normalt minimum 1:50 fall mot sluk, eventuelt 1:100 dersom det er etablert nedsenka dusjsone som ligg minimum 10 millimeter under resten av golvet. Utanfor dusjsone skal lekkasjevatn leiast til sluk anten med minimum 1:100 fall på heile golvet, eller ved at membranoppbygging ved dørterskel sikrar tilbakehald av vatn.

Måleresultat:

- Nedsenka dusjsone ligg 13 millimeter under resterande golv.
- Fall i nedsenk varierer frå 1:100 til om lag 1:200.
- Resterande golv er så og sei flatt, med eit svakt fall på 1:350 frå fordelerskap, og 1:250 frå vaskemaskin.
- Frå sluk til topp flis ved terskel er det målt 2 cm høgdeforskjel.
- Ingen membranoppkant ved dør.

Fallforholdet tilfredsstiller ikkje krava som var gjeldande ved oppføringstidspunktet. Grunngevinga er at delar av nedsenka dusjsone har mindre fall enn minstekravet i TEK17. Det same gjeld fallforhold for lekkasjevatn frå fordelarskap og vaskemaskin, der fallet er for svakt til å sikre avrenning mot sluk.

Vidare er det registrert noko misfarging og krakkelerte fuger i dusjsone. Forholdet vert vurdert som overflateavvik og indikerer fuktpåverknad over tid.

Merknader: Misfarga og krakkelert fug.**TG 2** 1.2.3 Membran, tettesjiktet og sluk

Rekvirent opplyser at badet sitt tettesjikt er frå 2021. Tettesjiktet er utført som membran under/bak flis. På vegg er det nytta baderomsplater som fungerer som tettesjikt. Membranen er forankra til sluk under slukets klemring.

Det er ikkje utført holboring frå tilstøytande rom. Grunngevinga er at aktuelt område for boring ligg bak dusjsone. Tilkomst her vil krevja boring frå teknisk rom, der veggen er utført som lydvegg. Holboring vil kunne medføre skade på konstruksjonen.

Baderomsplater er kontrollerte med trådløs fuktsøk. Resultata frå målingane går fram nedanfor.

Våtrommet er oppført i ei tid der det var krav om uavhengig kontroll. Føremålet med uavhengig kontroll er å kvalitetssikra at våtrommet er utført i samsvar med gjeldande regelverk og monteringsrettleiingar, mellom anna når det gjeld tettesjikt, tilslutning mot sluk og løysingar for lekkasjevætn.

Det er registrert avvik knytt til manglande membranoppkant ved dørterskel. Vidare er det observert opningar i baderomsplater. Forholdet vert vurdert å skuldast manglande bruk av silikon ved montering, og platene er difor ikkje monterte i samsvar med monteringsrettleiinga frå plateleverandør. Desse forholda inngår normalt i omfanget av uavhengig kontroll. Når slike avvik vert avdekte, indikerer dette at delar av kontrollarbeidet ikkje er utført i samsvar med gjeldande regelverk. Dette svekkar truverdigeheita knytt til utføringa av bygningsdelar som ikkje er tilgjengelege for kontroll.

Ved trådløs fuktsøk er det registrert utslag av fukt i nedre del av baderomsplatene i dusjsone. Målingane aukar i plateskøytar, noko som styrkjer mistanken om manglande fugging ved montering.

Dør er plassert innanfor rommet si våtsone. Dette medfører auka fuktbelastning på dør og tilhøyrande konstruksjonar, og vil krevja meir vedlikehald samanlikna med løysingar der dør er plassert utanfor våtsone.

Merknader: Utslag ved trådløs fuktsøk i nedre del av baderomsplater.



2. Kjøkken

TG 2 2.1 Kjøkken leilegheit

Kjøkkentype: Sigdal.

Slette forntar med demping i skuffer og skap. Underlimt vask i laminat benkeplate. Integrerte kvitevarer.

Kjøkkenventilator med kolfilter. Komfyrvakt. Rekvirent har verifisert at følar for automatisk lekkasjestopp er plassert korrekt under oppvaskmaskin.

Ingen avvik er registrert ved enkel funksjonstest av tilfeldig utvalte dører og skuffer.

Ingen avvik er registrert ved enkel funksjonstest av vask.

Vass- og avløpsinstallasjonen er frå: 2021.

Kjøkkenventilator er utført med resirkulering via kolfilter. Løysinga gir ikkje avtrekk av matos og fukt til det fri, og tilfredsstillar ikkje kravet til kjøkkenventilasjon jf. NS 3600.

Sokkelen er trong, og for å unngå skadar har ikkje underteikna kontrollert under kjøkkenskrog. Situasjonen under kjøkkeninnreiinga er difor uavklart, og nærare kontroll vert anbefalt.

Ventilrist er ikkje montert i sokkel under komfyr. Komfyr og andre integrerte kvitevarer krev vanlegvis tilførsel av ekstra luft via ventilasjon i sokkel for å sikre korrekt funksjon og kjøling. Om ventilrist er påkravd i dette tilfellet, vil følgje av produsenten si monteringsrettleiing.

Merknader:

©mstr.no

TG 2 2.2 Kjøkken hybel

Kjøkkentype: Sigdal.

Slette forntar med demping i skuffer og skap. Underlimt vask i laminat benkeplate. Integrerte kvitevarer.

Kjøkkenventilator med kolfilter. Komfyrvakt. Rekvirent har verifisert at følar for automatisk lekkasjestopp er plassert korrekt under oppvaskmaskin.

Ingen avvik er registrert ved enkel funksjonstest av tilfeldig utvalte dører og skuffer.

Ingen avvik er registrert ved enkel funksjonstest av vask.

Vass- og avløpsinstallasjonen er frå: 2021.

Kjøkkenventilator er utført med resirkulering via kolfilter. Løysinga gir ikkje avtrekk av matos og fukt til det fri, og tilfredsstillar ikkje kravet til kjøkkenventilasjon jf. NS 3600.

Sokkelen er trong, og for å unngå skadar har ikkje underteikna kontrollert under kjøkkenskrog. Situasjonen under kjøkkeninnreinga er difor uavklart, og nærare kontroll vert anbefalt.

Ventilrist er ikkje montert i sokkel under komfyr. Komfyr og andre integrerte kvitevarer krev vanlegvis tilførsel av ekstra luft via ventilasjon i sokkel for å sikre korrekt funksjon og kjøling. Om ventilrist er påkravd i dette tilfellet, vil følgje av produsenten si monteringsrettledning.

Merknader:**3. Andre Rom****TG 2** 3.1 Andre rom

Underetasjen har yttervegg utført som grunnmur, der delar av konstruksjonen er heilt eller delvis inntilfylt av massar. Grunnmuren er fora inn og isolert på innvendig side, til fordel for isolasjon, skjulte tekniske installasjonar og meir lettstelte overflater. Bak innføringa er det registrert vindduk mot grunnmur, etterfølgt av treverk, isolasjon og innvendig kledning. Deler av grunnmur som ligg under terreng er isolert med 5 cm xps isolasjon.

Ved kontroll er inspeksjonsluka i teknisk rom opna. Området bak luka er visuelt kontrollert, og det er utført fuktmåling i trevirke utan at det vart registrert avvik på befaringsdagen. Kontrollen omfattar eit avgrensa område og gir berre eit augneblinksbilete av tilstanden. Dette friskmeldar difor ikkje heile konstruksjonen.

Grunnmuren er i hovudsak isolert på innvendig side. SINTEF Byggforsk omtalar slike oppbyggingar som risikokonstruksjonar. Når isolasjonen hovudsakleg ligg på varm side, kan temperaturen i overgang mellom grunnmur og innvendig isolasjon verta låg, noko som kan føre til kondensdanning. Dette er uheldig med omsyn til inneklimate og levetid for nærtliggande bygningsdeler. SINTEF Byggforsk sine anvisningar beskriv at for å redusere risiko for kondens bør minimum 50 % av samla isolasjonstykkje liggje på utsida av grunnmuren.

Merknader:**4. Vinduer og ytterdører****TG 2** 4.1 Vinduer og ytterdører

Vindauge har tre-lags isolerglass, noko som gir god varmeisolering og bidreg til redusert energiforbruk. Vindauger og terrassedør er utvendig kledde med aluminium, som forlenger levetida og reduserer vedlikehaldsbehovet. Slette ytterdører er overbygde av tak, noko som gjer at dørene står godt skjerma mot ytre påkjenningar.

Det er ikkje observert punkterte isolerglassruter på befaringsdagen. Det kan likevel ikkje utelukkast at punktering kan kome til syne under andre årstider eller vêrforhold. Tilfeldig utvalde vindauge og dører er enkelt funksjonstesta utan at det vart registrert større avvik.

Hakk i enkelte karmar. Innvendige foringar har krakelert overflatebehandling, noko som kan indikere påverknad frå kondens. Terrassedøra har fuktskjolde i innvendig eikeforing ved dørterskel.

Merknader: Utvendig terreng ligg om lag 4 cm høgare enn innvendig golv ved terrassedøra, noko som er uheldig med omsyn til overflatevatn. Det er registrert at asfalt er lagt med fall ut frå konstruksjonen, noko som reduserer risiko for vassbelastning ved døra. Det må likevel påreknast behov for jamnleg fjerning av snø, is og vatn framfor døra for å redusere risiko for vassinntrenging.

5. Balkonger, verandaer og lignende**Ingen** 5.1 Balkonger, verandaer og lignende

Bygningsdelen eksisterer ikkje.

Merknader:**6. VVS****TG 2** 6.1 WC og innvendige vann- og avløpsrør

Vassinntaket er av typen PEL/plast. Overgang mellom vassinntak og fordelarskap er utført i kopar. Vatn vert vidare fordelt til vassinstallasjonar og tappepunkt via Sanipex rør-i-rør-system. Fordelarskapet er utstyrt med drenering som fører eventuelt lekkasjevatt til teknisk rom med sluk, som fungerer som lekkasjesikring (fallforhold er ikkje vurdert, og avvik kan førekoma).

Vassinntak og stoppekran er plasserte i teknisk rom. Stoppekran vart enkelt funksjonstesta og fungerte som føresett på befaringsdagen. Det er montert eige fordelarskap i hybel, som truleg er tilkopla hovudfordelarskapet i seksjonen.

Avløpsanlegget er utført med rør i plast. Med unntak av vasslåsar under vaskar er anlegget i hovudsak skjult i konstruksjonen, noko som avgrensar moglegheita for fullstendig kontroll. Vasslåsar under vask på bad og kjøkken vart kontrollerte for lekkasje utan at det vart registrert avvik. Det vert lagt til grunn at avløpslufting er ført ut via tak.

Rekvirent opplyser at vatn- og avløpsanlegget er skifta ut i sin heilskap i perioden 2021–2022. Store delar av anlegget ligg skjult i konstruksjonen og er ikkje tilgjengelege for kontroll.

På generelt grunnlag vert det gjort merksam på at plastmateriale i avløpsinstallasjonar kan utvide og trekkje seg saman ved temperatursvingingar. Over tid kan dette føre til lekkasje i koplingar. Jamnleg kontroll og ettersnøring av vasslåsar vert tilrådd som del av normalt vedlikehald.

Det er kursforteikning i fordelarskapet, men enkeltkursar manglar merking. Hovudstoppekran for vatn stenger truleg vassforsyninga for heile sameiga, og ikkje berre for denne seksjonen. Det er vidare observert trykkslag i fleire vasstilførselar ved tapping og stenging.

Merknader:**TG 1** 6.2 Varmtvannsbereder

Oso bereder på 194 liter og 2 kW effekt står plassert på teknisk rom med sluk som lekkasjesikring. Prod. år: 2022. Beredaren har fast straumtilkopling.

Teknisk levetid på VVB er 15-30 år. Anbefalt brukstid er 20 år.
Det vart ikkje registrert avvik ved visuell kontroll på befaringsdagen.

Merknader:**TG 2** 6.3 Ventilasjon

Bustaden har ei kombinasjon av balansert romventilasjon, mekanisk avtrekk og naturleg ventilasjon.

Det er installert tre Flexit Roomie Dual romventilatorar, fordelte med to i hovuddelen av seksjonen og ein i hybelen. Roomie Dual er ein type romventilator som gir balansert ventilasjon med varmegjenvinning i enkeltrom, og bidreg til filtrert og temperert tilluft i rommet der han er montert.

To soverom er utstyrte med naturlege friskluftsventilar. To bad har mekanisk avtrekk. Dørtersklar i bustaden er i hovudsak flate, noko som legg til rette for lufttransport mellom rom.

Merknader: Ventilasjonsløysinga er sett saman av fleire ulike system. Kombinasjonen av balanserte romventilatorar med varmegjenvinning, naturleg ventilasjon og mekanisk avtrekk vert vurdert som uheldig, då mekanisk avtrekk skapar undertrykk i bustaden når dei er i gang på våtrom. Dette medfører at kald, ufiltrert uteluft vert trekt inn via friskluftsventilar på soverom. Lufta går vidare inn gjennom kjøkken/stova og til badet. Forholdet gir difor trekk og redusert komfort. Det kan og skape ubalanse, og redusere effekten av varmegjenvinninga i Roomie-ventilatorane. Vidare vart det registrert lampe for filtervarsel på Roomie-ventilasjonen. Dette indikerer behov for filterskift eller vedlikehald i samsvar med produsenten sine anbefalingar.

Soverom i hybel manglar ventilasjon, noko som er i strid med forskriftskravet til ventilasjon i rom for varig opphald. Slike forhold vert normalt vurderte til tilstandsgrad 3.

Det er opplyst at ventilasjon skal etablerast i rommet før eigarskifte. Under føresetnad av at dette tiltaket vert gjennomført, er bygningsdelen vurdert til tilstandsgrad 2.

7. Elektrisk anlegg og samsvarserklæring

7.1 Elektrisk anlegg og samsvarserklæring

Når det gjelder resultater fra det lokale el-tilsynet: Se eventuelt eiers egenerklæringsskjema.

I følge eier/oppdragsgiver har det ikke vært brann, branntillop eller varmgang i anlegget. Se eventuelt egenerklæringsskjema fra selger.

I følge eier/oppdragsgiver løses ikke sikringene ut ofte. Se eventuelt egenerklæringsskjema fra selger.

Sikringsskap med automatsikringer er plassert i teknisk rom. Eige sikringskap i hybel er plassert på soverom. Deksel i skap er ikkje fjerna for kontroll av kabelføringar o.l. Heimelshavar opplyser at anlegget er frå 2021/2022. Antal sikringer samsvarar med oppført kursforteikning. Samsvarserklæring er framlagt.

Merknadar:

- Det er meir enn fem år sidan Det lokale eltilsynet (DLE) har hatt tilsyn på anlegget.

Det vert gjort merksam på at underteikna ikkje har elektrofagleg kompetanse, og vurderinga er avgrensa til visuell observasjon.

Det vert på generelt grunnlag tilrådd å kartleggje eventuelle avvik ved eigarskifte. Kartlegginga må utførast av eit kvalifisert elektroforetak, og NEK 405 bør nyttast som grunnlag for kontrollen. Ei slik kartlegging vil gi ein god oversikt over eventuelle feil og manglar som bør utbetrast for å oppnå trygg og forskriftsmessig drift av anlegget.

Merknader:

Vær oppmerksom på:

Tilleggsopplysninger:

Ved TG 2 og TG 3 skal det opplysast om årsak og konsekvens av avviket jfr. Forskrift til avhendingslova § 2-22. Dersom konsekvens ikkje er beskrive ved slike forhold er det underliggende tekst som gjeld: 'Meirskadar til andre bygningsdeler kan vera ein konsekvens av funna som er gjort. «Der konsekvens ikkje er spesifikt omtalt, må ein rekna med at meirskadar til andre bygningsdeler kan oppstå som følge av dei registrerte avvika.»

BRANN:

Røykvarslar: Alle bustader skal ha brannalarmanlegg eller røykvarslar. Kravet er minimum éin i kvar etasje, men det kan med fordel monterast fleire. Røykvarslar skal plasserast i himling og i etasjen sitt best eigna område for oppdaging og varsling om brann.

I denne leilegheita er det røykvarler i stova, teknisk rom og hybel.

Slukkeutstyr: Alle bustader skal ha slukkeutstyr som husbrannslange eller brannslukkingsapparat med skum eller pulver. Dersom skumapparat er einaste slukkeutstyr, må det vere på minimum 6 liter. Dersom pulverapparat er einaste slukkeutstyr, må det vere på minimum 6 kilo. Eit slukkeutstyr i kvar etasje vert anbefalt.

I denne bustaden er det ikkje etablert slukkeutstyr. Det vert anbefalt å installere godkjent slukkeutstyr.

LOVLIGHEITSMANGEL:

- Dagslysflate:

I følge NS 3600 skal rom for varig opphald ha eit vindaugsareal tilsvarande minst 10 % av rommets golvareal for å tilfredsstille kravet til dagslys.

Avvik er registrert:

To soverom har mindre dagslysflate en minstekravet i NS 3600.

Dette inneber at romma ikkje oppfyller gjeldande krav til dagslys og difor ikkje kan reknast som rom for varig opphald etter dagens regelverk.

TING Å TENKE PÅ:

Asbest hadde ein utbreid bruk frå rundt 1920 og fram til 1985 då totalforbodet av asbest i bygningsmaterial kom. Totalforbodet kom av helsemessige årsaker. Størst nytte var det i perioden etter andre verdenskrig og fram til 1980. Aktuell bustad er oppført tett på tidsperioden, og det kan ikkje utelukkast at det er nytta asbesthaldige material under oppbygging. Desse materialane kan vera i bygningsplater, skjult bak bygningsplater, i røyr, kanalar, isolasjon mm. Ta kontakt med godkjent saneringsfirma ved mistanke om asbest.

I matrikkelen er bygningen registrert som einebustad med hybel/sokkelleilegheit.

Det vert gjort merksam på at registrering i matrikkelen og opplysningar i samband med seksjonering byggjer på innmelde opplysningar, og ikkje er ei stadfesting av at alle rom og brukseiningar er godkjende etter gjeldande teknisk regelverk. Rapporten vurderer ikkje rettsleg status eller kommunal godkjenning. Eventuelle avvik frå tekniske krav, herunder manglande ventilasjon i rom for varig opphald, er omtala nærare i rapporten.

Takstmannens vurdering ved TG2:**1.1.2 Bad leilegheit Overflate gulv**

Fallforholdet på golv utanfor dusjsone tilfredsstillar ikkje krava som var gjeldande ved oppføringstidspunktet. Vidare er det registrert holrom under enkelte fliser og manglande vedheft i fuger i overgang mellom golv og vegg. Forholda representerer avvik frå krav, utan at det er påvist følgjeskadar på befaringsdagen.

Risiko: Manglande fall for lekkasjevatn kan medføre at vatn ikkje vert leia til sluk ved lekkasje frå vaskemaskin.

Konsekvens: Forholdet kan føre til fuktskadar i golvkonstruksjon og tilgrensande bygningsdelar.

1.1.3 Bad leilegheit Membran, tettesjiktet og sluk

Det er registrert avvik knytt til fallforhold og manglande membranoppkant ved dørterskel. Forholdet vert vurdert som avvik frå gjeldande krav og inngår i grunnlaget for fastsetjing av tilstandsgrad.

Risiko: Manglande membranoppkant aukar risikoen for at lekkasjevatn ikkje vert leia til sluk, men i staden trengjer inn i konstruksjonen. Når avvik vert registrerte på forhold som normalt inngår i omfanget av uavhengig kontroll, kan det ikkje utelukkast at tilsvarende avvik også finst i delar av konstruksjonen som ikkje er tilgjengelege for inspeksjon.

Konsekvens: Forholdet kan over tid føre til fuktskadar, med påfølgjande behov for omfattande utbetringar.

1.2.2 Bad hybel Overflate gulv

Fallforholda på golvet tilfredsstillar ikkje krava som var gjeldande ved oppføringstidspunktet. I tillegg er det registrert overflateavvik i form av misfarga og krakkelerte fuger i dusjsone. Forholda representerer avvik frå krav og at deler av fug ikkje er fagmessig utført.

Risiko: Manglande eller for svakt fall kan medføre at både lekkasjevatn og bruksvatn ikkje vert leia til sluk, men i staden blir ståande på golvet. Misfarga og krakkelerte fuger er i hovudsak av estetisk karakter, men bør uansett følgast opp.

Konsekvens: Forholdet kan føre til auka vedlikehaldsbehov, då bruksvatn i større grad må tørkast opp manuelt i staden for å renne mot sluk. Dette kan gi auka behov for reinhald og vedlikehald knytt til kalkavleiringar, soppvekst og misfarging.

1.2.3 Bad hybel Membran, tettesjiktet og sluk

Det er registrert avvik knytt til manglande membranoppkant ved dørterskel og feilmontering av baderomsplater. Vidare er det indikasjonar på fukt i nedre del av vegg i dusjsone. Forholda representerer avvik frå gjeldande krav og monteringsrettileingar.

Risiko: Manglande membranoppkant og opningar i baderomsplater kan medføre at vatn trengjer inn bak platekledning og vidare inn i veggkonstruksjonen. Indikasjonar på fukt i plateskøyter aukar risikoen for skjulte fuktskadar over tid.

Konsekvens: Forholdet kan føre til fuktskadar i veggkonstruksjon og tilgrensande bygningsdelar. Eventuelle skadar kan medføre behov for utbetring av tettesjikt, demontering av veggplater og auka vedlikehalds- og utbetningskostnader.

2.1 Kjøkken leilegheit Kjøkken leilegheit

Kjøkkenventilator med kolfilter gir ikkje avtrekk til det fri og vert vurdert som avvik etter NS 3600. Vidare er tilstanden under kjøkkenskrog uavklart grunna manglande innsyn. Forholda gir samla grunnlag for tilstandsgrad 2.

Risiko: Manglande avtrekk til det fri kan føre til redusert fjerning av matos og fukt frå rommet. Manglande innsyn under kjøkkenskrog medfører risiko for at eventuell lekkasje frå installasjonar ikkje vert oppdaga tidleg. Dersom ventilasjon i sokkel er krevd av produsent, kan manglande ventilrist føre til auka varmebelastning og redusert levetid på kvitevarer.

Konsekvens: Forholdet kan føre til auka fukt- og feittavsetjing i kjøkkenrommet og potensielt skjulte fuktskadar dersom lekkasje skulle oppstå under innreiinga. Eventuelle avvik frå produsentkrav kan medføre behov for tilpassing eller utbetring av innreiing.

2.2 Kjøkken hybel Kjøkken hybel

Kjøkkenventilator med kolfilter gir ikkje avtrekk til det fri og vert vurdert som avvik etter NS 3600. Vidare er tilstanden under kjøkkenskrog uavklart grunna manglande innsyn. Forholda gir samla grunnlag for tilstandsgrad 2.

Risiko: Manglande avtrekk til det fri kan føre til redusert fjerning av matos og fukt frå rommet. Manglande innsyn under kjøkkenskrog medfører risiko for at eventuell lekkasje frå installasjonar ikkje vert oppdaga tidleg. Dersom ventilasjon i sokkel er krevd av produsent, kan manglande ventilrist føre til auka varmebelastning og redusert levetid på kvitevarer.

Konsekvens: Forholdet kan føre til auka fukt- og feittavsetjing i kjøkkenrommet og potensielt skjulte fuktskadar dersom lekkasje skulle oppstå under innreiinga. Eventuelle avvik frå produsentkrav kan medføre behov for tilpassing eller utbetring av innreiing.

3.1 Andre rom

Innvendig isolert grunnmur vert vurdert som ei risikokonstruksjon jf. SINTEF Byggforsk. Sjølv om det ikkje er påvist fukt eller skadar ved kontroll på befaringsdagen, ligg det føre ein kjend risiko for kondens og fuktproblem i denne typen oppbygging. Bygningsdelen representerer difor eit avvik frå anbefalt byggjemåte etter dagens kunnskap, og vert vurdert til TG 2.

Risiko: Innvendig isolert grunnmur som er inntilfylt av massar har auka risiko for kondensdanning i overgang mellom grunnmur og innvendig isolasjon. Kondens kan føre til oppfukting av treverk og isolasjon bak innforinga utan at dette vert synleg frå romsida. Forholdet kan over tid påverke innneklimaet og konstruksjonen sin funksjon.

Konsekvens: Kondens og oppfukting i konstruksjonen kan føre til fuktskadar, muggvekst og redusert levetid på treverk og isolasjon. Eventuelle skadar kan vere skjulte og kan medføre behov for omfattande utbetringar dersom problema får utvikle seg over tid.

4.1 Vinduer og ytterdører

Vindauger og dører framstår i hovudsak som funksjonelle, men det er registrert fleire forhold som avvik frå god utføring og anbefalte løysingar. Overflateskadar på karmar, teikn til kondenspåverknad innvendig og uheldig høgdeplassering av utvendig terreng ved terrassedør gir samla grunnlag for tilstandsgrad 2.

Risiko: Høgt utvendig terreng kan føre til auka fuktbelastning mot terrassedør. Ved snø- og isbelastning kan vatn trenge inn ved terskel dersom området ikkje vert halde reint. Kondens på innvendige flater kan over tid påverke overflatebehandling og treverk.

Konsekvens: Forholda kan føre til vidare overflateskadar, misfarging og redusert levetid på karmar, foringar og terskel. Over tid kan det oppstå behov for utbetring av beslag, justering av terreng eller utskifting av skadde bygningsdelar.

6.1 WC og innvendige vann- og avløpsrør

Vatn- og avløpsanlegget framstår i hovudsak som moderne og funksjonelt, men delar av anlegget er skjult og ikkje tilgjengelege for kontroll. Manglande merking av kursar i fordelarskap, uavklart funksjon for hovudstoppekran i høve til sameiga og registrerte trykkslag i vassinstallasjonane representerer avvik frå anbefalt utføring og drift. Forholda gir samla grunnlag for tilstandsgrad 2.

Risiko: Skjulte installasjonar kan medføre at eventuelle lekkasjar ikkje vert oppdaga i tide. Manglande kursmerking kan gjere det vanskeleg å identifisere og stenge rett kurs ved lekkasje. Trykkslag kan over tid medføre auka belastning på røyr, koplingar og armatur.

Konsekvens: Forholda kan føre til skjulte fuktskadar i konstruksjonen, auka slitasje på installasjonar og behov for utbetring.

6.3 Ventilasjon

Eitt soverom i hybelen manglar ventilasjon, noko som er i strid med forskriftskravet til ventilasjon i rom for varig opphald. Ventilasjon er eit grunnleggjande funksjonskrav for slike rom, og skal vanlegvis vurderast til TG 3. Det er opplyst at ventilasjon skal etablerast i rommet før eigarskifte. Under føresetnad av at tilfredsstillande ventilasjon vert etablert før sal, vert bygningsdelen samla vurdert til tilstandsgrad 2.

Ventilasjonsløyisinga elles er sett saman av ulike system som ikkje er fullt ut tilpassa kvarandre, og det er registrert indikasjon på manglande vedlikehald av romventilatorane.

Risiko: Manglande ventilasjon i soverom kan føre til redusert luftkvalitet og auka fuktbelastning. Ubalanse i ventilasjonssystemet, trekk frå friskluftsentilator og manglande filtervedlikehald kan redusere effekten av varmegjenvinning og føre til ujamn luftutskifting i bustaden.

Konsekvens: Forholdet kan gi dårlegare inneklima, ubehag ved bruk av rom for varig opphald og behov for etablering eller ombygging av ventilasjonsløyising for å tilfredsstille forskriftskrav og oppnå tilfredsstillande funksjon.

Takstmannens vurdering ved TG3: